

Høyringsfråsegn til umskippinga av Norsk språkråd

ved millombilsstyret for Ivar-Aasen-sambandet, og Høgnorskringen og Nidaros Høgnorsklag, lag i sambandet, Oslo, 19. april 2004

I høyringsbrevet um umskippinga av Norsk språkråd vert det teki upp viktuge spursmål kring utviklinga av norsk som eit fullgodt kulturmål. T.d. går ein nøgnare inn på umkvervetapet for norsk andsynes engelsk. Ein kunde i denne samanhangen òg med fyremon ha komi inn på det mesta heilt parallelle tilhøvet millom nynorsk og bokmål; dei ideologiske maktverkenda som ligg attum, og farane for språklig tama og kulturbygging, er myki dei sama. Men det vert òg nemnt i høyringsbrevet, at den norske målstriden har vori med på å setja døra opin for ei slik stødu. Dette er visselig rett; måldyrking med grunnlag i norskt måltø og norske språkmynster er i denne striden vortin brennemerkt i serlig stor mon gjenom ei utbreidd hugeggjing som har fått innpass i bae mållæger. I denne stødo uppstår det absurde at ein finn norsk eit fåtøkt mål andsynes engelsk, samstundes med ein avviser tanken um å byggje vidare på den rike og manghøve målvokstren i norsk.

Høvudutmaninga for den nye språkinstitusjonen ligg i å bægje denne haldninga, men støre og leggje til rette for ei utbygging av norskt mål som byggjer på dei umisselige røynslone som er samla upp og nedfelte i den nedervde norske målskatten, såleis at norsk vert ein verkfær reidskap som er på full høgd med vokstren i samfunnet og åndslivet i notida, og er med på å dra dei framåt.

Det er heller inte berre 'gamle synder' ein har å drast med her; utviklingstilvik i samfunnet ålment er med på å forverre stødo: økonomiske og teknokratiske sersystem tek i dag eit alt større rom på samfunnsomkverve som frå gamalt har vori oppbygde heilt annarleis, nemlig gjenom *kommunikativ handling*¹. I tillegg til å vera ei styringsgjerd på mange samfunnsomkverve, er denne språklige samhandlinga òg eit medie for utvikling av personligdomen åt einskildmenne og av samfunnslig dugleik, vidareføring av samkjensle innan samfunnsbygnader, og påvokster av kulturell kunnskap. Når desse omkverva møter krav um å underkaste seg dei nemnde sersystema, er det klart at *språket* i så fall lyt misse legitimitet som berar av vidare samfunnslige verkende, og vert avgrensa til noko trongt instrumentelt som skal tene desse sersystema. Det er inte tanken um det *instrumentelle* ved språket som er ankepunktet her, men avgrensinga til tanken um at språket *i grunnen* skal vera eit instrument for det økonomisk-teknokratiske sersystemet; heilskapen og mangslunginskapen i menneskjeverda lyt då lide, og fylgjone av dèt kann inte fyresegjast gjenom eit reduksjonistisk sersystem – det er nett *her* språket står fram som den viktugste system-ovringa i samfunnet og fyller dette verkendet.

Den nye institusjonen lyt ha høvdandsvaret for å drive arbeidet med å auke medvitet på desse tilhøva andsynes offentlige institusjonar, men òg andsynes andre språkkulturelle institusjonar i samfunnet. Dette lyt gå for seg gjenom konkrete rådgjerder, inte (berre) gjenom ålment oppmodingsarbeid. Offentlige institusjonar bør ha eit målumbod som kann fylgje upp arbeidet.

Legitimitet i samfunnet lyt den nye institusjonen byggje upp ved å halde seg til både faglig kunne og meiningar i ålmenta, i tråd med rådande samfunnstrendar um deltaking i og heimstedjing av avgjerder. Men det er viktugt at ein inte blandar desse kunnskapsformene vilkørligt; t.d. kann fagkunne tene stort på tildriv utantil, men ein faglig prosess kann inte bryte dei ibuande krava som ligg til faglig verksemd. Ein lyt såleis tryggje eit samspel som let alle partar bera fram kunnskapen sin utan at den eine kværrset dei hine i denne prosessen.

¹ Jürgen Habermas: *Theorie des kommunikativen Handelns* (1981)

Det er då viktugt at den nye institusjonen inte avgrensar fagverksemda si til eit indre fagpanel. Faglig legitimitet kann berre tryggast ved å verke i eit opi fagmiljø som ansar på faglige innspel og åtfinning i det heile.

Vidare kann det i denne samanhangen vera tenligt um ein let det normative arbeidet med støduge skriftmålsnormer gå yver til frittståande akademi (for hortdeira målet) med den naudsynlige kompetansen. Her kann den nye institusjonen gjera eit arbeid med å bu til fyreløga åt desse.

Ein bør òg vurdere um den nye kompetanseinstitusjonen kann desentraliserast ved å skjøpa til lokalavdelingar, med tanke på det praktiske, utetterretta arbeidet.

I arbeidet for rett og god målbruk er det avgjerande at den nye institusjonen inte går ut yver legitimiteta si ved å utøve eit serskilt normativt syn utanum dei avgrensa umkverva der dette er pålagt av styremaktene, men held seg til vide og robuste tolkingar av desse umgripa. Såleis lyt ein vente at tradisjonell nynorsk, som er vidareført i det sivile samfunnet jamte dei offisielle avbrigda, inte på nokor vis vert mismætt eller motarbeidd i det ålmenne målarbeidet den nye institusjonen gjer andsynes samfunnet.

Ivar-Aasen-sambandet og laga der vonar på ei byggjelig samvinne med den nye institusjonen på ei rad med sakumkverve. Av saker vi sér fyre oss er m.a.:

- Ordlagning, ålment til avløysing av uturvande engelske lånord, og målretta oppbyggjing av norske fagumgrip på ymse umkverve. Ein kann som éi av mange verkeråder skjøpa til tevlingar um dette.
- Gjera mynstergod nynorsk sakprosa tilgjengelig, gjerne digitalt.
- Byte ut nemninga 'målform' med '(skrift)mål', jamte ei røyntlig handsaming av dei to måla (nynorsk og bokmål) som sjølvstenduge mål. Teknisk samarbeid er godt, men inte der det grip inn i sjølve målet (t.d. i einsretting av avstytingar, der nn. har sine egne *m.a t.d. o.dl. osfr.* med grunnlag i eigen målvokster).
- Tryggje nynorsk som bruksmål i programvaru og på netet, òg i høve til rom i verdsgilde standardiseringar.
- Gjera upptak til eit normset for tala nynorsk. Tabuet mot å hegde talemålet i 'normalnynorsk' leid – gjerne med utgangspunkt i og i samhøve med lokale målføre – lyt bort um prestisjen åt målet skal kunna hævde seg jamsides bokmål og engelsk.

Med di samnorskparagrafen er avskjøpa, sér no Ivar-Aasen-sambandet seg råd å kunna ta del i formelle samansetjingar i denne nye institusjonen på lik line med tilsvarande målsamskøpnader. Derimot er det kannhende unaturligt um samnorskorganisasjonar eig rom i normative samanhangar i denne nye stødo. I alle høve er inte eit framhald av den gamle rådsbyggnaden den mest tenlige reidskapen for dei utmaningane vi står andsynes i arbeidet for norskt mål frametter.

Med beste helsing,

Thorgeir Holm,
styresmann Høgnorskringen

Håvard Tangen,
formann HR,
styresmann IAS

Sergej Alexander Munkvold,
formann Nidaros Høgnorsklag